



Årsrapport nøytralitet for 2023

Tendranett AS

## **1 Om Tendranett AS**

Tendranett AS er eit nettselskap med monopol på overføring av elektrisk energi i samsvar med sine konsesjonar. Selskapet er eit dotterselskap i Voss Energi konsernet, og vart skilt ut som eige selskap i 2017. Konsernet har også verksemd innan kraftomsetning, kraftproduksjon, telekommunikasjon og fjernvarme.

Tendranett AS er 100% eigd av Voss Energi AS, som igjen er 100% eigd av Voss Herad.

Tendranett har ein aksjepost i Valider AS ,tilsvarende 1,43 % ,som er eigd saman med andre nettselskap. Valider leverer tenester knytta til innsamling og forvaltning av data frå AMS målarar.

Fagansvarleg for AMS/måling, smartnett er nøytralitetsansvarleg. Han rapporterer til Dagleg leiar.

## **2 Særskilte fokusområdet**

Tendranett hadde fram til 2017 felles kundesystem med andre verksemdar i konsernet. Då fekk Tendranett AS splitta kundedatabasen og eige kundesenter. Tendranett har eigne telefonnummer i telefonsystemet.

Tendranett eig administrasjonsbygget som selskapet held til i, og leiger ut til andre selskap i konsernet. Kontorbygget har eigen tilgangskontroll som er administrert av Tendranett. Tendranett har ein del kontorstøttesystem (IT-system) felles med resten av konsernet. IT-ansvarleg er tilsett i Tendranett og difor har me kontroll på tilgangsstyring.

Ved kjøp av tenester internt i konsernet, må Tendranett vera særskilt merksam på at nøytralitetskrava er i ivaretekne.

Nettsidene er eit anna fokusområdet der ITansvarleg har eit særskilt ansvar for å fylgja opp nøytralitetskrava. Det er ei avgrensa mengd personar som kan gjera endringar på nettsida.

Tendranett handterer også informasjon på ein måte som gjer at kraftleverandørar ikkje gis konkurransefortrinn. Informasjon til sluttbrukar inneheld kven som leverer kraft i nettområdet, men ingen anbefaling av leverandør.

### **3 Organisering av Tendranett**

Tendranett har over 12800 nettkundar. I 2023 endra styresmaktene krava til funksjonelt skille til å gjelde nettselskap større en 100000 kundar. Tendranett er derfor ikkje lenger underlagt dette kravet. Tendranett har same styret som morselskapet, men ikkje det same som dei andre systemselskapa.

Nøytralitetsansvarleg er fagansvarleg for AMS/ELHUB/måling og har god kjennskap til kundedata og nøytralitet overfor kraftleverandørar, Jan Olav Opheim.

Samtlege medarbeidarar er underlagt taushetsplikt og skal ikkje dela selskapsintern eller sensitiv informasjon utanfor selskapet.

### **4 Sal av tenester til andre**

Tendranett sin driftssentral overvakar delar av Voss Energi Produksjon sine kraftstasjonar. Tenesta som vert levert er å motta alarmer og vidareformidla desse til vaktmannskap i Voss Energi Produksjon.

Tendranett sel i avgrensa grad overskotskapasitet til andre.

### **5 Aktivitetar i 2023**

Tendranett førebur endring til nytt namn og vil fra januar 2024 heite Tendranett AS. Dette vart nødvendig etter at RME gjorde vedtak om namnebyte

Det er ikkje mottatt andre klager eller registrert avvik knytta til nøytralitet i 2023.